Sunnmøre friluftsråd

ÅRSRAPPORT
2021

Glade barn på friluftsskule speidar ned mot Stafsethneset, Vegsund og Sula.

Om Sunnmøre friluftsråd

Sunnmøre friluftsråd er eitt av 28 friluftsråd i Norge og er ein del av Friluftsrådenes Landsforbund (FL).
Vi vart oppretta i 1974, den gongen som Friluftsrådet for Ålesund og omland, og skifta namn til Sunnmøre friluftsråd i 2015.

Vi er eit interkommunalt oppgåvefellesskap (KO) etter kommunelova med ei eiga samarbeidsavtale for fellesskapet. Dei 12 eigarkommunane i friluftsrådet er: Giske, Fjord, Herøy, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Vanylven, Ørsta og Ålesund. I tillegg er Sande og Hareid i prosess med å bli opptekne som medlemmer i 2022.

Friluftsrådet arbeider for eit naturvennleg, berekraftig og lite utstyrskrevjande friluftsliv for alle. Folkehelse er fundamentet i alt vi gjer. Vi skal, i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege styresmakter, organisasjonar og frivillige, fremje allsidig og miljøvennleg friluftsliv i regionen. Vi skal stimulere til friluftsliv til beste for trivsel og helse for alle og skape større forståing for nytten av friluftsliv.

- Administrasjonen i friluftsrådet skal fungere som kompetansesenter for friluftsliv for deltakarkommunane og andre samarbeidspartar, samt vere ein pådrivar og høyringsinstans i viktige saker for friluftslivet.
- Friluftsrådet skal legge til rette for fysisk aktivitet.
- Friluftsrådet skal arbeide med sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag.
- Gjennom Skjergardstenesta Møre og Romsdal skal friluftsrådet gjere sjøbaserte friluftslivsområde attraktive og tilgjengelege.
- Friluftsrådet skal jobbe for ei reinare fjøre. Vi koordinerer, legg til rette for frivillig og profesjonelt arbeid mot marin forsøpling.

Hovudbilde framside: Kråkvika på Vestnes. Foto: Cecilie Uggedal.
Nede t.v.: Friluftsråde i fylket jublar over å ha passert 1 million turar sommaresongen 2021. Framme f.v. Marte Melbø og Liv Synnøve Hoel. Bak t.v. May Britt Haukås, Ola Fremmo og Anne Berit Støyva Emblem.
Nede i midten: Grindstova på Stafsethneset, Ålesund kommune.
Nede t.h.: Skjærgårdstenesten sin arbeidsbåt «Rigmor« i all si prakt.

Alle bilde I rapporten som ikkje er merka med fotografnamn tilhøyrer friluftsrådet.

Innhald

Styreleiar har ordet 4-5
Styret og representantskapet 2021 6-9
Representantskapsmøtet 2021 8-9
Administrasjonen 10-13
Møte, representasjonsoppgåver og anna 12-13
Aktivitetsarbeid i skule og barnehage 14-21
Kajakk i skulen/kajakknettverket 14-15
Utandørs livredningsprøve 16-17
Urørt 17
«Slå på ringen»/leikepatruljen 18-19
Innvandrarprosjektet «Naturen som eg er ein del av» 20-21
Aktivitetsarbeid i fritida 22-28
Naturmøteplassen 22-23
Friluftsskular 24-25
Naturlos-avis 26
Kom UT i haustferien 26
Padlekurs UNG 26
Utleige av to færingar 26
Fotokonkurranse i Friluftlivets veke 27
Lån av friluftsutstyr 28
StikkUT! - og andre turrutebasar 29-34
Stikk UT! 2021 29
Turkort-hefte/nettside med turskildring 33
Friluftslivets ferdselsårer – kommunale planar 34
Sikring og tilrettelegging av friluftsområde 35-41
Statleg sikring og forvaltningsplanar 35-39
Skjøtsel og drift gjennom året 40
Kontor, verkstad, lager og driftsutstyr 41
Marin forsøpling 42-45
Marin forsøpling 2021 og 2022 finansiert av Miljødirektoratet 43
Rydd ytre kyst Ålesund-Giske 2021-2023 finansiert av Rydd Norge 44
Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 46-47
Drift sjøbaserte friluftsområde 46
Medieomtale 48-51
Økonomi og rekneskap 52-53
Vedlegg til årsrapporten 54-57
Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane 54
I tillegg har Friluftsrådet heilt eller delvis ansvaret i desse områda 55
Oversikt eigedelar i Sunnmøre friluftsråd (KO) 56
Gjeldande samarbeidsavtale for Sunnmøre friluftsråd (KO) 57

Styreleiar har ordet

Styreleiar Eva Hove

2021 har vore eit krevjande år for dei fleste, også for Sunnmøre friluftsråd (KO). Koronapandemien har utfordra både kreativiteten og handlekrafta vår. Nokre planlagde aktivitetar måtte avlysast eller omarbeidast, fordi tiltaket ikkje å kunne gjennomførast innanfor smittevernsreglane.

Denne årsrapporten viser stor aktivitet og eit breitt spekter av tiltak, til trass for situasjonen.
Det er imponerande!

Stikk UT! har sett ein eventyrleg rekord med over 1,2 millionar deltakarar, noko som betyr at 18 % av befolkninga i fylket deltok i sommarsesongen.

Driftsarbeidet, skjergardstenesta og arbeidet mot marin forsøpling har gått nesten som normalt, men administrasjonen har hatt heimekontor i periodar.

Det har vore mange lyspunkt, spesielt gledeleg var det at Herøy vart medlem i Sunnmøre friluftsråd dette året, og at både Sande og Hareid er i prosess.

Framfor alt kan vi summere opp at året 2021 til fulle har vist kor viktig friluftslivet og tilboda frå friluftsrådet er for trivsel og helse til befolkninga.

Målt etter omsetning og tal på tilsette, er Sunnmøre friluftsråd (KO) eit av dei største friluftsråda i landet. Vi er eitt av få som arbeider med heile spekteret, frå rådgjeving til kommunane, kurs og aktivitetar i friluftsliv for alle målgrupper, tilrettelegging, drift og skjøtsel av friluftslivsområde, marin forsøpling og skjergardsteneste.

Styret samla på Andaneset i Volda kommune.

Takk!
Mange fortener stor takk for innsatsen:

- Dei ulike økonomiske bidragsytarane til at Sunnmøre friluftsråd kan gjere jobben
- Dei mange frivillege som stiller til dugnad i ulike samanhengar
- Kommunane som legg til rette for friluftsliv
- Styremedlemmene, både avtroppande og påtroppande
- Alle medarbeidarar som med iver og ansvar sørger for prosjektinntekter og gjennomføring av prosjekta

Medlemskontingent kommunane i 2021

Kommune	Innbyggartal	Medlemskontingent
Ålesund	66 526	1 295 261
Fjord	2 506	48 792
Giske	8 493	165 359
Hareid		-
Herøy	8 846	172 232
Sande		-
Stranda	4 488	87 381
Sula	9 769	190 202
Sykkylven	7 593	147 836
Ulstein	8 579	167 033
Vanylven	3 110	60 552
Vestnes	6 536	127 256
Volda	10 616	206 694
Ørsta	10 795	210 179
SUM	**147 857**	**2 878 776**

Styret 2021

Eva Hove - Fjord
styreleiar

Berit Sandvik Skeide - Ulstein
nestleiar

Karen Høydal - Ørsta
Styremedlem

Nils Erik Bjørkavåg - Sula
styremedlem

Jarle Hauge Steffenssen - Ålesund
styremedlem

Ola Einang - Volda
Styremedlem

Jan Ove Skodje - Giske
styremedlem

John Willy Klungre - Vanylven
styremedlem

Jon Kåre Osdal - Vestnes
styremedlem

Trond Bonesmo - Sykkylven
styremedlem

Thea E. Vestre Aasen - Ålesund
styremedlem

Janet Roelofs - Ålesund
styremedlem

Jan Håkon Vikane - Stranda
styremedlem

Linn-Therese Hansen Sævik - Herøy
styremedlem

Christer Lundberg Nes
tilsettrepresentant i styret

Styret og representantskapet 2021

Styremedlemmar 2021

Kommune	7.6.- 31.12. 2021	Verv	1.1. - 6.6. 2021	Verv
Fjord	Eva Hove Andreas Håvoll	Styreleiar Vara	Eva Hove Andreas Håvoll	Nestleiar Vara
Ulstein	Berit Sandvik Skeide Kathrine Kriken Garnes	Nestleiar Vara	Berit Sandvik Skeide Kathrine Kriken Garnes	Styremedlem Vara
Giske	Jan Ove Skodje Birger Honningsvåg	Styremedlem Vara	Jan Ove Skodje Birger Honningsvåg	Styremedlem Vara
Herøy (ny)	Linn-Therese Hansen Sævik Sigurd Nygard	Styremedlem Vara	- -	
Stranda	Jan Håkon Vikane Bodil Trondstad Lie	Styremedlem Vara	Jostein Dalen Jan Håkon Vikane	Styremedlem Vara
Sula	Nils Erik Bjørkavåg Karoline Antonia Slinning	Styremedlem Vara	Trygve Holm Stine M. Lerheim	Styremedlem Vara
Sykkylven	Trond Bonesmo Eva Eline Tandstad	Styremedlem Vara	Trond Bonesmo Eva Eline Tandstad	Styremedlem Vara
Vanylven	John Willy Klungre Marina Haaberg Ersvåg	Styremedlem Vara	John Willy Klungre Marina Haaberg Ersvåg	Styremedlem Vara
Vestnes	Jon Kåre Osdal Hilde Legernes	Styremedlem Vara	Skafti Ingi Helgason Inge Bergum	Styremedlem Vara
Volda	Ola Einang Annlaug Sunde Stokke	Styremedlem Vara	Ola Einang Annlaug Sunde Stokke	Styremedlem Vara
Ørsta	Karen Høydal Stein Aam	Styremedlem Vara	Karen Høydal Stein Aam	Styremedlem Vara
Ålesund	Jarle Hauge Steffenssen Anders Lindbeck	Styremedlem Vara	Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre	Styreleiar Vara
Ålesund	Janet Roelofs Nora G. Morken Farstad	Styremedlem Vara	Jarle Hauge Steffenssen Nora G. Morken Farstad	Styremedlem Vara
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen Ewa Hildre	Styremedlem Vara	- -	
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes Ann Helen Hellevik/ Randi Kjerstad Hagerup	Styremedlem Vara (skifte i okt. 2021)	Christer Lundberg Nes Ann Helen Hellevik	Styremedlem Vara

Etter årsmøtet 7. juni 2021 bestod arbeidsutvalet av styreleiar Eva Hove, nestleiar Berit Sandvik Skreide og Jarle Hauge Steffenssen.

Tilsetterepresentant frå Sunnmøre friluftsråd (KO) har møte- og talerett i styret, jamfør samarbeidsavtalen.



Handsaming av styresaker i 2021

Styret har hatt 5 styremøte gjennom året, dei fleste digitalt på Teams eller i ein kombinasjon av fysisk frammøte og deltaking på Teams. I alt har styret handsama 56 saker, til dømes:

- Rekneskap, budsjett, årsrapport og treårig handlingsplan m/arbeidsplan 2021.
- I kvart styremøte har det også vore orienteringar om status økonomi, innvilga/avslåtte søknader, generell framdrift og orientering om interne forhold (utlysingar/tilsetjingar, lønnsforhandling, HMS, handtering av koronasituasjonen)
- Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal: Ferdigstilling av samarbeidavtale mellom friluftsråda, MR fylkeskommune og Miljødirektoratet
- Marin forsøpling: Prosjektsøknad Rydd ytre kyst Sunnmøre Nord
- Evaluering av StikkUT!-sesongen og nye satsingar
- Evaluering av prosjektet «Slå på ringen» og ny søknad 2022-23
- Statleg sikring og forvaltningsplanar, orientering og påminning til kommunane

Det nye styret. F.v.: Eva Hove, Jon Kåre Osdal, Berit Sandvik Skeide, Jan Håkon Vikane, Trond Bonesmo, Jasn Ove Skodje, Nils Erik Bjørkavåg, John Willy Klungre, Jarle Hauge Steffensen, Ola Einang, Linn-Therese Hansen, Thea Elise Vestre Aasen og Janet Roelofs.

Representantskapsmøtet 2021

Sunnmøre friluftsråd er organisert etter kommunelova som eit kommunalt oppgåvefellesskap (KO), og øvste organ er representantskapet med to representantar frå kvar av deltakarkommunane.

Representantskapsmøtet i mars vart utsett til 7. juni på grunn av koronapandemien, og vart gjennomført med fysisk frammøte – og god avstand mellom delegatane - i samfunnshuset i Volda.

Før sjølve årsmøtet, var det synfaring til det statleg sikra sjønære friluftsområdet Andaneset, like aust for Volda sentrum. Der har Volda kommune sett opp informasjonstavle, utarbeidd ein lengre gangsti, sett opp ei stor, fin trebrygge og badstove like ved brygga. Folkehelsekoordinator Ulrik Vik Nakken viste rundt, og fortalte dei mange frammøtte om korleis dei har jobba og satsinga til kommunen på friluftsområda.

Tilbake i Samfunnshuset ønskte ordførar Sølvi Dimmen oss velkomne, og orienterte om Volda kommune si gode satsing på friluftsliv. I starten av møtet fekk også forsamlinga ei orientering frå fagleiar i aktivitet, Christer Lundberg Nes, om pågåande aktivitetsarbeid i friluftsrådet.

Representantskapet handsama vanlege årsmøtesaker, oppdaterte samarbeidsavtalen på enkelte punkt og valde nytt styre.

Avslutningsvis vart styreleiar Vebjørn Krogsæter takka av etter åtte år i styret, derav fem som styreleiar. Han vart seinare valt til styreleiar for alle friluftsråda i Frilufrådenes Landsforbund (FL).

Eva Hove vart vald til ny styreleiar i Sunnmøre friluftsråd. Tre representantar gjekk ut av styret etter mange aktive år: Jostein Dalen (Stranda), Skafti Helgasson (Vestnes) og Trygve Holm (Sula).

Avtroppande styreleiar Vebjørn Krogsæter med påtroppande styreleiar Eva Hove.

John Willy Klungre ved infoskiltet til Andaneset Friluftsområde i Volda.

Styreleiar Vebjørn Krogsæter og styremedlemmer Trygve Holm, Skafti Helgason og Jostein Dalen takkar av etter mange aktive år i friluftsrådet.

Herøy ny medlemskommune

Ved representantskapet i juni vart Herøy kommune formelt sett teke opp som ny medlemskommune i Sunnmøre friluftsråd. Herøy er ein kyst- og havkommune med rik kulturhistorie og fine turområde. Dei har fem statleg sikra område.

Herøy fekk tjuvstarte litt og fekk med fleire Stikk UT!-turar, både i sommar og vinersesongen. I løpet av året har dei hatt merkbart meir besøk av StikkUT!-brukarar.

Friluftsrådet har samarbeidd godt med kommunen, gjennom Visit havlandet, i dette første året.

F.v.: Merethe Hjertø Flusund, Ole Magne Rotevatn, Hilde Gråberg Bakke, Anne Berit Støyva Emblem og Bjørn Prytz har alle tru på at Herøy sitt medlemskap i Friluftsrådet vil vere positivt for både dei som bur og kjem tilreisande til kommunen.

Administrasjonen

Tilsette

Per 31.12.21 har friluftsrådet:
- sju faste tilsette som utgjer 6,3 årsverk, samt ein fast tilsett i fødselspermisjon.
- to midlertidig tilsette som 1,4 årsverk.

Gjennom året har friluftsrådet også hatt omlag 20 tilkallingshjelper/timelønte som til saman utgjorde 2,1 årsverk (innleigde som instruktørar og medhjelparar i driftsarbeidet, friluftsskulane, Leikepatruljen og ulike friluftslivsarrangement)

Endringar i staben i 2021:
Ann Helen Hellevik har vore fagleiar for marin forsøpling, og fekk ny fagstilling i Senter for marint miljø i Svolvær.

Malin Therese Fiksdal tok over jobben til Ann Helen i oktober i fast stilling. Malin Terese kjem frå jobben som skogsansvarleg i Vestnes kommune og er utdanna innan havbruk.

På slutten av året vart May Britt Haukås pensjonist. Ho har jobba i friluftsrådet sidan 2014, først som dagleg leiar og deretter som rådgjevar i kommunikasjon- og aktivitetsarbeidet, spesielt StikkUT!

I november vart Hilde Ellingsæter fast tilsett for å overta prosjektansvaret etter May Britt. Hilde har jobba som avisredaktør og har erfaring og utdanning som grafikar.

Malin Ytterhaug Giske er medhjelpar på tvers av fleire prosjekt, i slutten av desember gikk ho ut i foreldrepermisjon.

Randi Kjerstad Hagerup var først tilsett som teamleiar for sommarhjelpene i marin forsøpling. I november vart ho midlertidig tilsett som koordinator i prosjektet «Rydd ytre kyst» som varer ut 2023.

May Britt Haukås vart pensjonist ved utgangen av 2021, etter sju entusiastiske år i Sunnmøre friluftsråd.

Ann Helen Hellevik var tilsett som fagleiar for Marin forsøpling i tre år.

Anne Berit Støyva Emblem
Dagleg leiar
M: 908 15 035
E: anne.emblem@friluftsraadet.no

Christer Lundberg Nes
Fagleiar Aktivitet
M: 912 46 400
E: Christer@friluftsraadet.no

Malin Therese Fiksdal
Fagleiar Marin forsøpling
M: 482 31 905
E: malin.fiksdal@friluftsraadet.no

Hilde Ellingsæter
Aktivitetsprosjekt
Stikk UT!, Naturmøteplass, Naturlos
M: 977 09 653
E: hilde@friluftsraadet.no

Inger Bakke
Aktivitesprosjekt
Slå på ringen, Friluftsaktivitet innvandrarar
M: 482 18 981
E: inger@friluftsraadet.no

Pål Henry Høyberg
Leiar Drift og anlegg land
M: 468 95 705
E: paal@friluftsraadet.no

Randi Kjærstad Hagerup
Prosjektkoordinator for Rydd ytre kyst 2021-2023 (midlertidig)
M: 468 08 487
E: randi@friluftsraadet.no

Torgeir Lausund Sund
Leiar for Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal
M: 900 46 092
E: torgeir@friluftsraadet.no

Christian Ødegaard
Medarb. Skjærgårdstjenesten
M: 457 66 666
E: christian@friluftsraadet.no

Møte, representasjonsoppgåver og anna

Gjennom heile året er friluftsrådet vanlegvis med på ei rad møter, kurs, synfaringar mm i samband med arbeidet vårt. Dette gjeld både lokalt i medlemskommunane, på fylkesnivå og nasjonalt. I tillegg blir både dagleg leiar og andre av dei tilsette ofte inviterte til å halde foredrag i ulike fora og fortelje om arbeidet til friluftsrådet. Både 2020 og 2021 vart noko annleis. Fleire arrangement vart avlyste eller gjennomført digitalt på Teams. Dette er eit godt alternativ.

Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (FNR) er ein viktig samarbeidspartnar særleg når det gjeld turtrimmen Stikk UT!, men også på fleire andre område. Derfor har dei to friluftsråda lenge snakka om at vi treng fellessamlingar med alle tilsette, både for å bli endå betre kjende, informere kvarandre og diskutere felles problemstillingar og samarbeidsprosjekt.

Sunnmøre friluftsråd er medlem i Friluftsrådenes Landsforbund (FL) og Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF).

Vi fekk likevel delta på fellessamling for friluftsråda i Lyngen i Troms i september,

Deltaking på Verdensdagen for psykisk helse i Ålesund.

Friluftsråda på skogstur i Troms.

Presentasjon for Vanylven kommunestyre.

Samling for friluftsrådda i Lyngen i Troms.

Presentasjon for Sande kommunestyre.

Arbeidsbåten «Rigmor» til Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal pynta til 17. mai.

«Rigmor» var med i båtparade i Ålesund 17. mai 2021. Foto: Bypatrioten.



Skipper og leiar av Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal Torgeir L. Sund.

Aktivitetsarbeid i skule og barnehage

Kajakk i skulen/kajakknettverket

Kajakknettverket er ein kjempesuksess og dei første 11 lærarane vart i 2021 godkjende som aktivitetsleiarar i padleforbundet! Friluftsrådet gratulerer så mykje til desse aktivitetsleiarane som har stått på og utvikla seg gjennom kurs og eigenaktivitet over 3 år!

Totalt har friluftsrådet gjennomført 6 kurs (11 dagar) i 2021:
2 aktivitetsleiarkurs – 11 lærarar
2 teknikkurs – 11 lærarar
1 oppfølgingsdag teknikkurs – 4 lærarar
1 grunnkurs – 8 lærarar
Totalt har 37 lærarar frå 11 skular vore aktive og gått kurs i våttkortstigen med friluftsrådet i 2021.

Kajakk i skulen vert gjennomført i samarbeid med Dag Roland (Vegleder hav, NPF). Overordna mål med prosjektet «Kajakk i skulen» er at lærarane skal kunne drive kajakkaktivitet og læring i friluft med eigne elevar på ein trygg måte. Måla er vidare å:

- Trygge at det blir eit fagleg kajakkmiljø ved kvar skule som deltek ved at fleire lærarar er med i prosjektet.
- Kvalitetssikre kunnskap og ferdigheiter i kajakk-padling til kvar enkelt lærarar ved å utdanne dei til aktivitetsleiarar i Padleforbundet.
- Stimulere til samarbeid, erfaringsdeling og fagleg utviklingsarbeid gjennom nettverksarbeid mellom fleire skular.
- Kvar skule skal innføre kajakkundervisning i lokal læreplan for relevante klassetrinn.
- Prosjektet skal utvikle og dele undervisningsopplegg gjennom kartdatabasen https://stedbasert.avinet.no/

Frå aktivitetslederkurs med lærarar frå Ørsta Ungdomsskule.

Frå aktivitetslederkurs med lærarar frå Ørsta Ungdomsskule.

Turplanlegging og kartforståing på aktivitetslederkurs for lærarar frå skular frå Sula og Ålesund.

Balanseutfordring på teknikkurs.

Samling i flåte med informasjon og rettleiing frå samarbeidspartnar Dag Roland til høgre i bildet.

Frå utandørs livredningskurs med livredningsprøve for lærarar ved Sykkylven ungdomsskule.

Utandørs livredningsprøve

Utandørs livredningsprøve og kurs vert gjennomført i samarbeid med Morten Gjerseth. Morten er fysioterapeut i Volda og instruktør gjennom Norges Livredningsforbund.

Utandørs livredning og utesymjing har kome inn i dei nye læreplanane og frå 2021 skal dette emnet vere ein del av undervisninga i skulen. Det er derfor eit stort behov for kompetanseheving i skulane i medlemskommunane.

Friluftsrådet sine kurs er svært praktiske med mykje erfaringslæring og didaktikk. Fagleg driv friluftsrådet formidling på svært høgt nivå når vi samanliknar med rettleiingsvideoar td frå svømmedyktig.no og i appen Water competance. Friluftsrådet og Morten Gjerseth har fleire moment som vert formidlar på kursa våre og som aukar sjansen for vellukka redning.

Friluftsrådet har gjennomført 4 kurs i 4 ulike kommunar for totalt 23 lærar. Samt hatt faglege møter og utstyrstesting av kasteliner for skulane, og synfaringar.

Frå kajakkurs ved badeplassen på Rjåneset i Ørsta kommune.

Frå utandørs livredningskurs med livredningsprøve for lærarar ved Sykkylven ungdomsskule.

Frå utandørs livredningskurs med livredningsprøve for lærarar ved Sykkylven ungdomsskule.

Urørt

Urørt er eit samarbeidsprosjekt om å utvikle beste praksis turar for å formidle verdien av tilnærma urørt natur og auke forståing til formålet for verneverdiane for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Prosjektet er gjennomført i samarbeid med Eidsdal skule, områdeverneforvaltinga for Geiranger-Herdalen og Stiftinga Geirangerfjord verdsarv.

I 2021 gjennomførte friluftsrådet 3 turar med opplegg for Eidsdal skule for 63 elevar.

«Slå på ringen»/leikepatruljen

Sunnmøre friluftsråd driv prosjektet «Slå på ringen» – uteleik for betre folkehelse, som famnar om alle barneskulane på Sunnmøre. Prosjektet er retta mot både elevar og tilsette og har mål om å få fokus på meir uteleik, tryggleik, rørsle og glede i skulegardane. Tilbodet er gratis for skulane som er med. Målet med «Slå på ringen» å skape større merksemd rundt uteleiken. Vi vil inspirere til enkel og variert uteleik. I ei tid der fysisk aktivitet og trening blir målt i pulsslag og kilometer vil vi bidra til å styrke kunnskapen om og kjennskapen til kva uteleiken er og kva den gjer med oss. Uteleik er mykje meir enn frisk luft og fysisk aktivitet. Her møtest framtidsferdigheitene og fagfornyinga. Leik, rørsle, samhandling og læring heng saman.

«Slå på ringen» styrkar den enkle, genuine og sjølvdrivne uteleiken. Dette gjer vi gjennom kurs for elevar, tilsette i skulen og andre. Vi har sett over tid at uteleiken har fått mindre plass både i skulen og på fritida.

Barna og dei vaksne sitt leike-repertoar er betydeleg mindre enn berre for eit tiår sidan. Som ein konsekvens av dette har truleg dei motoriske ferdigheitene blitt svekka, den kreative stimuleringa av sansane fått mindre fokus og den sosiale samhandlinga blir ikkje utfordra i same grad som tidlegare. Med «Slå på ringen» arbeider vi dagleg med å auke medvitet om kvifor leiken er så viktig og utvikle og dele praktiske metodar for å styrke dette.

«Slå på ringen» består av Leikepatruljen, inspirasjonssamlingar for elevar frå 50 barneskular på Sunnmøre to gongar i året, Prøvekaninane, rørsle og uteleikverkstad for alle tilsette på kvar skule og Digitalt digg, ein digital leikebank med filma uteleikar. Her blir det produsert og publisert filmar kontinuerleg. «Slå på ringen» har blitt svært godt motteke i alle skular, både blant elevar og tilsette, og vi ivrar etter å halde fram og utvikle dette prosjektet til glede for enda fleire.

Kommunar som har delteke i 2021: Ålesund, Sula, Giske, Vestnes, Rauma, Kristiansund, Molde, Ørsta, Volda, Vanylven, Ulsteinvik, Sykkylven, Stranda, Fjord.

Tal for 2021:
- skular som har deltatt: 35 samlingar med elevar: 32, elevar på kurs: 1120
- kurs for tilsette: 10, tilsette på kurs: 385
- produserte filmar med leikar: 30

Leikar i det fri er lite utstyrskrevjande, ei kongle kan skape mykje glede!

Ein av YouTube-filmane viser korleis vi skal hoppe paradis.

SLÅ PÅ RINGEN

Glade gutar i fri leik med ringar.

Friluftsrådet har produsert og lagt ut 30 YouTube-filmar av barneleikar til fri bruk.

Bladstafett er ein fin uteleik.

Elevar frå vaksenopplæringa i Sykkylven har tema mat på bål. Innvandrerkvinnene viser stødig vedhogst.

Innvandrarprosjektet «Naturen som eg er ein del av»

Også i 2021 gjennomførte vi prosjektet «Naturen som eg er ein del av» i samarbeid med Ålesund vaksenopplæringssenter og Sykkylven vaksenopplæring. Målet er å introdusere innvandrarar for den norske naturen slik at dei fekk oppleve at dei er ein del av han, og å bidra til auka forståing for folkehelse, livsmeistring og berekraft.

Metoden var å invitere til turar i nærleik til skulen og/eller der dei bur. Vi introduserte elevane for lågterskelopplegg som dei enkelt kan gjennomføre på eiga hand saman med familie og vener. I alle opplegga jobba vi aktivt med å inspirere til mangfaldig rørsle, gode naturopplevingar, og å legge til rette for heilskapleg læring. Både ord og uttrykk, sansing, orientering, mattradisjonar, vêrmeldingar, leik og song er brukt som pedagogiske verkemiddel i tillegg til sjølve turen. Opplegga hadde ulikt innhald, men med forankring i målsetninga la vi opp til opplevingar i nærleik til vaksenopplærings-senteret. Både tilsette og elevar har vore svært nøgde med tiltaket, og leiinga ved skulen legg særleg vekt på kor viktig dette er med tanke på vektlegginga i fagfornyinga på folkehelse og livsmeistring.

Det er i 2021 gjennomført 10 arrangement/turar med tilsamen 303 deltakarar.

Prosjektleiar Inger Bakke med matlaging i det fri.

Aktivitetsarbeid i fritida

Den nye Grindstova på Stafsethvart raskt bestemt som ny Naturmøteplass, og teke i bruk i januar 2022.

Naturmøteplassen

Naturmøteplassen er eit lågterskel og uforpliktande tilbod til alle som har høve til å gå tur på dagtid, og som set pris hyggelege møte med andre.

Bålet brenn og kaffien er klar i eit fast tidsrom på ein fast stad ein bestemt dag kvar veke. Blide vertar tek hjarteleg imot alle som kjem, spanderer varm drikke og slår gjerne av ein prat.

Med unntak av Bugardsmyrane i Ulstein, har friluftsrådet tatt initiativet til Naturmøteplassane som var i sving i medlemskommunane i 2021: Kråkvika i Vestnes, ved Dam2 på Aksla i Ålesund, Kaffivika ved Vassetvatnet i Sula og altså Burgardsmyrane i Ulsteinvik. I 2021 opna vi ein ny Naturmøteplass i Herøy i samarbeid med frivilligsentralen. Den er førebels ikkje open kvar veke, men det er eit mål å få det til.

På tampen av året vart den nye Grindstova på Stafsethneset ferdig, og bestemt som ny Naturmøteplass. Det vart inngått samarbeid med Blindheim ungdomsskole og Stafsethneset altenative skole om å stå for drifta kvar onsdag gjennom året. (Første arrangement var 19. januar 2022).

Vi har god hjelp frå frivilligsentralane til å organisere og sette opp vaktlister, der frivillige enkeltpersonar, l ag og organisasjonar byter på å vere vertskap.

Friluftsrådet dekkjer utgiftene til ved, kaffi, utstyr osb, takka vere midlar frå Friluftsrådenes Landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Det var ca. 2000 besøk på Naturmøteplassane i 2021.

Naturmøteplassane motiverer folk til å kome seg ut på tur i friluft heile året, og nesten uansett vêr. At så mangekjem kvar gong, betyr at dei i alle fall kjem over dørstokkmila ein dag i veka. Og sidan dei må gå eit stykke for å kome fram, er det grunn til å tru at forma blir betre også.

Fullt hus på Naturmøteplassen i Fosnavåg.

Lokal barnehage tek matpausa si på Naturmøteplassen i Grindstova på Stafsethneset.

Alltid folksamt på Naturmøteplassen på Aksla.

Hos Nils Espen Lilleheim på Naturmøteplassen ved Dam 2 på Aksla i Ålesund er alltid både ein godprat å få og varm drikke.

Kaffivika i Sula er ein populær Naturmøteplass.

Gunn Elisa Jenssen, saman med ektemann Poul , er trufast vert i Kråkvika på Vestnes.

Matlaging på friluftsskule i Volda.

Friluftsskular

Friluftsrådet gjennomførte fire friluftsskular for til saman 84 barn i 2021. Friluftsskulane vart arrangerte i Sula (Vassetvatnet), Volda (Skinstøylen), og Ålesund (Murvika i Skodje og Stafsethneset i Blindheim).

Friluftsskulane er eit nasjonalt satsingsområde for Friluftsrådenes Landsforbund (FL) og Den Norske Turistforening (DNT). Tilbodet er for barn i alderen 10-13 år i starten av sommarferien og varer i fem dagar inkl. ein overnattingstur. Friluftsskulane har høg fagleg kvalitet med aktivitetar som bading, orientering, tur, leikar og kajakk, i år var marin forsøpling eit eige tema.

Borna byggjer sin eigen taujungel med Friluftsrådet sine taubruer. Frå friluftsskulen på Stafsethneset. Foto: Ingrid Rui.

Hengekøyecamp på friluftsskule i Volda.

Balanseutfordring i kajakkflåte på friluftsskulen i Sula.

Deltakarar på Friluftsskulen på Sula.

Naturlos-avis

Friluftsrådet har i mange år trykt to aviser årleg med informasjon om arrangerte fellesturar med guide/naturlos. I 2021 måtte fleire fellesturar avlysast grunna pandemien, og dermed vart våravisa avlyst. Vi fekk likevel til ei 8-siders avis i august med omtale av 42 arrangerte turar. Desse vart distribuert til alle husstandane i medlemskommunane. I tillegg informasjon på nettsidene og marknadsføring av kvar tur/arrangement på Facebook og Instagram. Sju av turane var «Ordførarens tur». Om lag 660 personar vart med på fellesturane som stod omtala i avisa.

Framside av Naturlos-avisa som kom ut i august 2021.

Kom UT i haustferien

Kom UT var gjennomført både i haustferien og med snøforming i desember. På grunn av koronasituasjonen vart det ikkje gjennomført opne aktivitetsdagar i 2021, men tilbod til inviterte skulefritidsordningar og med førehandspåmelding i ein kommune.

Friluftsrådet gjennomførte aktivitetar i Vestnes, Ålesund, Sykkylven, Stranda, Vanylven og Ørsta. Totalt vart det gjennomført 8 aktivitetsopplegg for 191 barn.

Padlekurs UNG

23 ungdommar var med på grunnkurs UNG i kajakk i samarbeid med Herøy Kajakklubb sommaren 2021. Kursa vart gjennomført på Eiksund i Ulstein og Jensholmen i Herøy.

Utleige av to færingar

Sunnmøre friluftsråd eig to færingar som er til utleige til privatpersonar, lag og foreiningar. «Leia» og «Linge» blir stelt og haldne ved like av Sunnmøre Kystlag. Dei ligg ved kai ved Sunnmøre Museum, som administrerer og får inntektene frå utleiga. «Linge» har plass til 4 personar og kostar berre kr 150 å leige ein dag. Med overnatting og lavvo blir prisen kr 350. Same prisane gjeld for «Leia», som har plass til seks personar.

«Leia» og «Linge».

Vinnarbiletet: Camilla Vik gjekk sigrande ut av konkurransen med bilde av ein nydeleg solnedgang sett frå Veten i Sande kommune.

Fotokonkurranse i Friluftlivets veke

På grunn av koronapandemien fekk friluftsrådet s tørre utfordringar med gjennomføringa av dette prosjektet. Som eit alternativ til å samle folk fysisk på ein stad under friluftslivets veke valde vi å invitere til ein fotokonkurranse. Denne var svært vellukka og over 70 fotografar bidrog med over 130 flotte bilde. Tre verdige vinnarar fekk bilda sine forstørra og trykt på lerret.

Ei større markering med opning av grindbygget på Stafsethneset måtte utsettast til 2022 på kort varsel grunn av nye strenge nasjonale koronatiltak i desember 2021.

På andreplass kom Oddbjørg Lid med eit bilde av skitur på Bondalseidet i Ørsta.

På ein sterk tredjeplass kom Paulina Sumel med bilde av Stavekollen i Sykkylven.

Lån av friluftsutstyr

I 2021 har Sunnmøre friluftsråd laga ei oversikt over kvar du kan låne friluftsutstyr i medlemskommunane til friluftsrådet.

Dette er opne utstyrsbasar som er tilgjengeleg for folk flest, utan at ein treng å vere medlem i ulike lag- og organisasjonar.

Avsnittet under gir meir informasjon om utstyrsbasane og er henta frå heimesida til friluftsrådet: www.friluftsraadet.no/utstyrsbase

Utstyrsbase/sportsbibliotek/Bua og Skattekammer
Utlån av friluftsutstyr har mange namn og er organisert på litt ulike måtar.

Og det er mange stader ein kan få låne utstyr til friluftsliv på Sunnmøre.

Utstyrsbasane har ulikt innhald. Alt frå telt og kokekar til turski, truger og akebrett. Nokre stader kan ein også få låne kajakk og utstyr til andre vassaktivitetar.

Gjer vel og ta kontakt med den einskilde utstyrsbase i opningstida for oppdatert informasjon om kva utstyr dei har og korleis du kan få låne dette!

All informasjon du finn her er gitt etter beste evne med atterhald om feil. Send oss gjerne tilbakemelding om endringar eller feil.

Ålesund kommune har ei informasjonsside og oversikt over fleire utlånsordningar, også frå lag og organisasjoner som ÅST og Røde Kors m.fl.



Kart på nettsida til Sunnmøre friluftsråd med oversikt over kvar ein kan låne friluftsutstyr.

StikkUT! - og andre turrutebasar

Stikk UT! 2021

Med ei oppslutning på nær 50.000 brukarar og over 1,2 millionar registrerte turar i sommarsesongen, har Stikk UT! blitt det viktigaste folkehelsetiltaket i Møre og Romsdal.

I 2021 var det ei formidabel auke både i talet på deltakarar og i registrerte turar.

Totalt på Sunnmøre var det 34 591 deltakarar som registrerte 700 746 turar til 355 ulike turmål i 2021.

Saman med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal jubla vi for at Stikk UT! for første gong passerte 1 million turar. Talet viste seg å bikke 1,2 millionar før sesongen var over. Framme f.v. Liv Synnøve Hoel og Marte Melbø. Bak f.v. May Britt Haukås, Ola Fremmo og Anne Berit Støyva Emblem.

Glade barn som er med på Stikk UT!.

Stornakken var populær Stikk UT!-post i 2021.

På tur til Geitfonnegga som ragar 1453 meter over Geirangerfjorden i Fjord kommune.

Reine påskestemninga i januar ved gapahuken på Midt-Remma på Skuløy Flemsøy.

Tala for Stikk UT! vinter kan ikkje måle seg sommarsesongen, men har også hatt ei formidabel auke sidan fjoråret. Dette skuldast at fleire har fått augane opp for Vinter Stikk UT!, og at ein sesongen 2020/21 også starta opp med vinter fotturar – etter stor pågang frå brukarar.

Gjennom første sesongen for vinterfotturar vart det sett opp 69 turmål på Sunnmøre. 3.287 personar deltok, og registrerte 39.427 turar.

For sesongen 2020/21 var det 38 Stikk UT! Skiturmål på Sunnmøre, med 1.641 deltakarar, som registrerte 10.201 turar. Januar og februar var snørike og kalde månadar som bidrog til gode forhold i skiløypene.

I 2021 vart det lansert eigen app for Stikk UT!, som vart ein stor suksess. På fylkesbasis vart det gjort 65.779 nedlastingar av appen, og 1.998.829 unike åpningar av den.Totalt vart det gjort over 11 millionar sidevisningar på appen!

Ny app for Stikk UT! vart lansert i 2021.

Fremste Haumyra/Lysløypa i Haugane i Eidsdal var blant årets Stikk UT!-skiturar.

I Stordal er det Stordal Fjellservice, ei undergruppe i Stordal IL, som trakkar løyper. To av det frivillege som er med på dette, of som gjer ein fantastisk innsats, er Svenn Tore Busengdal og Bjørn Ulvestad.

Stikk UT! er viktigaste grunnen til at nye kommunar melder seg inn i friluftsrådet.

I 2021 kom Herøy kommune med, og no har både Sande og Hareid kommune gitt klarsignal om at dei blir med frå 2022. Dermed blir alle dei 13 kommunane på Sunnmøre, samt Vestnes, medlemmer i Sunnmøre friluftsråd frå 2022, og klare med Stikk UT!-turar til sommaren.

Stikk UT! har blitt det viktigaste folkehelsetiltaket i fylket, som når alle aldersgrupper og lag av befolkninga. Samarbeidet mellom friluftsråda, kommunane og frivillige blir betre og betre, og arbeidet med skilting og merking av nye stiar skyt fart. Det same gjer opparbeiding av nye turvegar og stiar.

Sjølvsagt kostar det å drifte turtrimmen, sjølv om den er gratis for deltakarane. Derfor er finansieringa frå Friluftsrådenes Landsforbund og private sponsorar som Sparebanken Møre heilt avgjerande.

Det gjer også betalinga frå bedrifter som melder seg på turtrimmen. I 2021 var 121 bedrifter på Sunnmøre med i Stikk UT! Bedrift og brukte turtrimmen som eit helsefremjande trivselstiltak på jobben.

Prosjektrekneskapet viser i år eit stort avvik mellom Sunnmøre Friluftsråd sine budsjetterte og faktiske kostnadar til løn og bruk av eigne midlar. Forklaringa er at Stikk UT! har vakse seg betydeleg større for kvart år, både på satsingsområde og i tal på deltakarar. Arbeidet med dette gjer seg ikkje sjølv, og krev derfor auka ressursbruk.

I desember vart Hilde Ellingsæter tilsett i Sunnmøre Friluftsråd. Ho tok over som Stikk UT!-ansvarleg etter May Britt Haukås frå 2022, som etter mange år som Stikk UT!-ansvareg på Sunnmøre har valt å tre inn i pensjonistane sine rekker.

Ryssdalsheia ved Brattvåg var ny Stikk UT!-tur i 2021. Her er det flott utsikt mot Nordøyane og midtsommars kan ein nyte ein vakker solnedgang frå toppen.

Turkort-hefte/nettside med turskildring



Turkort er namnet på informasjonsarbeidet om gode turmål for alle. Dette er eit viktig og varig informasjonsarbeid om gode turmoglegheiter for dei aller fleste. Turane er klassifiserte etter Merkehandboka, og er i all hovudsak enkle og flotte turar rundt om i medlemskommunane.

Turane blir presentert i ei eiga bok og på eigne og eksterne digitale plattformer. Turkortboka 2020 vart delt ut til medlemskommunane i starten av 2021. Den inneheld 60 turtips i 13 kommunar. Boka er til sals i nettbutikken.

Arbeid med synfaring og kart har gitt og gir grunnlag for oppdatering i kartet gjennom fylket og kartverket. Turar blir synleggjort i fylket sin turportal www.morotur.no og vi er i dialog med fylket om forbetringar i presentasjon og informasjon til ulike målgrupper.

Friluftsrådet bidrar også med å samle spennande informasjon på tvers av fagfelt som gjer turane meir interessante. Her er døme på segn og lokalhistorie: Trollet på Fløstranda

Alle turane kan du laste ned ein og ein på denne sida eller via Google maps og skrive ut på eigen skrivar i A4-format!

Friluftslivets ferdselsårer – kommunale planar

Stiar, turvegar, løyper og leder er avgjerande for utøving av friluftsliv, og vert kalla friluftslivets ferdselsårer. Stortingsmeld. 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet er grunnlaget for ei nasjonal satsing på friluftslivets ferdselsårer, leia av Miljødirektoratet.

I perioden 2020-23 leiar fylkeskommunen prosjektet «Friluftslivets ferdselsårer Møre og Romsdal». Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal deltek i prosjektet og skal der i gjennom bistå i kommunal planlegging for betre tilrettelegging for friluftsliv. Mange kommunar i fylket har tidlegare gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde (KVF), og har dermed eit godt grunnlag å gå vidare med utarbeiding av planar for friluftslivet sine ferdselsårer. Fylkeskommunen har også ein stor database med ca. 2000 GPS-spora turruter i morotur.no.

Gode kommunale planar for friluftslivets ferdselsårer er med på å identifisere, ivareta og utvikle ferdselsårene. Planane vil òg vere viktig kunnskap for å ivareta friluftsliv i anna arealplanlegging, og samtidig vere ein plan for korleis ferdselsårene kan utviklast på ein berekraftig måte.

Det er tre kommunar på Sunnmøre som er har meldt seg på prosjektet i 2021, og to av dei har delteke på oppstatssamling: Ulstein, Fjord og Sykkylven (deltok ikkje på fellessamling).



Skjermdump frå Miljødirektoratet si brosjyre «Plan for friluftslivets ferdselsårer, med døme på manusjkar som viser ferdselsårere og turruter frå tilgjengelege digitale kjeldet, samt turrutet som tidlegare ikkje har vore publisert (lagt inn som fottrasé.

Sikring og tilrettelegging av friluftsområde

Statleg sikring og forvaltningsplanar

Statleg sikring betyr at staten kjøper friluftslivsområde som er spesielt viktige for befolkninga. Staten kan betale inntil 100% av kostnadane dersom arealet er regionalt viktig, og 50% dersom det mest er lokalbefolkninga som brukar det. Kommunen får så råderetten over området, som ikkje kan brukast til anna enn friluftsliv etter kjøpet. Etter avtale, kan kommunane delegere heile eller delar av ansvaret for drift og skjøtsel til friluftsrådet. Friluftsrådet skal vere ein pådrivar og hjelp for kommunane i arbeidet både med å søke statleg sikring og utforming av forvaltningsplanar for områda som er blitt statleg sikra.

Dei aller fleste søknadane blir innvilga, og dette er ei viktig kjelde til finansiering av tilretteleggingstiltak. Både kommunane sjølve og friluftsrådet søkjer kvart år offentlege midlar til tilretteleggingstiltak i desse områda. Det kan vere til tiltak som gapahukar, bålplassar, stupebrett, flytebrygger, stiar, toalett, parkeringsplass osb. Føresetnaden er at kommunane saman med friluftsrådet lagar forvaltningsplanar for kvart av områda, som skal godkjennast av fylkeskommunen.

Friluftsrådet gir rettleiing til frivillige som vil påverke kommunen til å sikre eit område, vidare er vi med på synfaringar og møter med kommunen og grunneigarar. Når kommunen skal i gang med sjølve søknaden om sikring, gir vi også «steg-for-steg»rettleiing. I år er det Herøy, Fjord og Sykkylven vi har vore spesielt i kontakt med. Friluftsrådet ønsker også å kome tidleg inn i kommunale prosessar med tema- og delplanar for friluftsliv. I år deltok vi på planmøte i Herøy kommune saman med fylkeskommunen.

F.v. Tanja Rafteseth (planleggar i Herøy kommune), Kjetil Håve (Møre og Romsdal idrettskrets), Anne Berit Støyva Emblem, Petter Jenset og Hans Roger Tømmervold (Møre og Romsdal fylkeskommune) i møte med Herøy kommune om kommunedelsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Den nyr Grindstova er eit praktbygg, og vart i januar 2022 teke i brk som ny Naturmøteplass.

Prosjekt: Grindstove Stafsethneset friområde, Ålesund

I november stod den nyestaslege Grindstova Sunnmøre Friluftsråd, bygd etter gammal vestlandsk byggeteknikk, ferdig på Stafsethneset. Grindstova er bygd etter innhenta tilbod, og med støtte frå Møre og Romsdal Fylkeskommune. Det er Holtleite Byggelag i Stordal som har stått for bygget, og har hatt god hjelp av friluftsrådet til sjølve reisinga.
Grindstova har blitt eit praktbygg som friluftsrådet no har teke i bruk som ny Naturmøteplass.

Overbygg for å halde bålet tørt.

Takkonstruksjon.

Bygget reiser seg.

Bygningsgjengen er i ferd med å reise Grindstova. F.v.: Bjørn Asgeir Kvernberg, Christian Ødegaard, Pål Henry Høyberg, Sindre Holtleite og Per Kjell Holtleite frå Holtleite Byggelag i Stordal.

Handskorne trenaglar.

Barnehagebarn tek matpausa si i Grindstova

Styreleiar Eva Hove deltok på første Naturmøteplass.

Skjellsanden er levert, og her blir det sandstrand på Haugneset friområde i Sykkylven.

Prosjekt: Skjelland til Haugneset friområde, Sykkylven

Sykkylven ønska seg skjellsand på den statleg sikra badeplassen på Haugneset like ved sentrum. Friluftsrådet fekk innvilga midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, og ved hjelp av frivillige som har gjort ein stor jobb med å rydde, reinske og gjere stranda klar, var skjellsanden på plass i mai. Det ser ut til at dei alle har grunn til å vere fornøgde.

Skjellsanden på plass i Haugneset i Sykkylven.

Dagleg leiar i Sunnmøre friluftsråd, Anne Berit Støyva Emblem, og driftsleiar Pål Henry Høyberg følgde arbeidet, saman med Stig Brekke, som har leia det frivillige arbeidet med å rydde stranda, ordførar Odd Jostein Drotninghaug, og Lars Petter Vemøy, som har ansvar for idrett og friluftsliv i kommunen.

Den nye brua på Fokhaugstova på Overøya står ferdig.

Prosjekt: Bru Fokhaugstova, Overøye i Fjord

Den nye brua over elva nedanfor Fokhaugstova over til Ådalssida på Overøye i Stordal var ferdistilt og klar til bruk frå haustferien. Den gamle vart tatt av isen, derfor er denne nye utforma slik at det skal mykje til for at det skal kunne skje igjen.

Alt spelte på lag - både festinga, dugnadsgjengen som møtte opp, og alt det andre som skulle til - då brua vart løfta på plass ved hjelp av helikopter.

Brua vart frakta med lastebil og løfta på plass med helikopter.

Pål Henry Høyberg testar brua.

Bygging av nytt toalett, som skal fraktast med helikopter til Hundsvær i løpet av 2022.

Skjøtsel og drift gjennom året

Driftsavdelinga til friluftsrådet har heilt eller delvis ansvar for drift, skjøtsel og nye tilretteleggingstiltak i mange statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane. Dette arbeidet har gått tilnærma som normalt i 2021, trass i restriksjonane i koronapandemien. Unntaket er at toaletta i friluftslivområda måtte ha ekstra reingjering.

Friluftsrådet har ei rad eigedelar som bruer, toalett, grindbygg og gapahukar, grill/bålplassar, stupebrett, rastebenkar, informasjonsskilt mm. Desse ligg i hovudsak i regionalt viktige friluftslivsområde (sjå vedlegg side 56, som gir ei fullstendig oversikt over våre ansvarsområde og kva vi eig).

Drifts- og skjøtselsarbeidet omfattar jamt tilsyn, vask og tømming/påfylling av toaletta, slått av gras, opprydding av søppel, fjerning av kratt, tilsyn og reparasjonar av installasjonar vi har ansvaret for.

Velforeiningar og andre bidreg med dugnader i fleire av friluftsområda, som t.d. Ålesund Rotary Øst på Svinøya, Kråkvika Vel i Kråkvika i Vestnes og LHL/Vatne Velforening i Gurinesbukta i Haram.

Friluftsrådet leasar fire arbeidsbilar. Den siste vart leasa i 2021 og er ein el-varebil.

I august fekk friluftsrådet ny godt profilert el-arbeidsbil, og ingen som møter den skal behøve å lure på kva vi jobbar med.

Toalett på Tueneset, Ålesund kommune, bygd og drifta av friluftsrådet.

Toalett på Blimsanden, Giske kommune, som er sett opp og drifta av friluftsrådet.

Tilsyn av den nye badestranda i Bolvika, Sula kommune.

Kontor, verkstad, lager og driftsutstyr

Sidan hausten 2011 har friluftsrådet hatt kontor, lager og verkstad på Kongshaugstranda 105 i Vegsundet i Sula kommune. Her leiger vi no sju kontor med diverse fellesareal, og om lag 320 m2 lager og verkstadlokale. Fagleiar Aktivitet har kontorplass på Volda Campus.

Vi disponerer fire arbeidsbilar, tre båtar, ein beitepussar, fleire bilhengarar og anna nødvendig utstyr og reiskapar.

I utstyrsbasen for utlån til skular har vi mellom anna fleire kajakkhengarar med 14 kajakkar på kvar, lavvoar, truger, kokeutstyr for bål, snøformingssett, taubruer mm.

Lageret er delt inn i avdelingar for utstyrsutlån, utstyr til Leikepatruljen, marin forsøpling, Stikk UT! og verkstader.

Beitepussar, som blir flittig brukt sommarhalvåret.

Friluftsrådet har tre arbeidsbåtar i ulike storleikar og til ulike formål, som også Skjergardstenesta får bruke når «Rigmor» ikkje passar til oppdraget. Her er skipper Torgeir Lausund Sund og matros Christian Ødegaard på jobb med den lette aluminiumsbåten «Sandtangen».

Usedvanleg god stemning på lageret når vaffelpressa går.

Vaffelsteiking på lageret er ikkje feil.

Marin forsøpling

Ombord-lessing av søppel.

Marin forsøpling 2021 og 2022 finansiert av Miljødirektoratet

Full båt med innsamla avfall i samarbeid med Statens Naturoppsyn og Skjergardstenesta.

I løpet av våren oppmoda vi frivillige om å gjere ein ekstra innsats med å registrere forsøpla område på ryddeportalen til Hold Norge Rent, eller å melde inn områda til Sunnmøre friluftsråd. Det vart litt respons, samtidig som friluftsrådet også har kartlagt område. Vi har også rapportert inn større objekt, m.a. isopor og nøter, som Skjergardstenesta skal hente.

Sunnmøre Friluftsråd har hatt ein god aktivitet trass i utfordringane med Covid-19. Det vart leigd inn sommarvikarar for å kompensere for at ein ikkje fekk arrangert ryddeaksjonar med mange frivillige.

Sommarvikarane plukka avfall rundt om på sunnmøre både i strandsona på fastland, på øyer og skjer. Dei nytta både båt og bil til ryddinga si, og henta avfall både frå eigne og andre sine ryddeaksjonar og leverte til renovasjon. Det er mykje avfall nedover i jordsmonet, og mykje nytt avfall på overflata i strandsona. Der og fleire andre stader må ein påreknа å måtte reise tilbake til ved seinare høve.

Ein har forsøkt vidareført arbeidet frå i fjor med ryddeaksjonar i kohortar og levert ut ryddeutstyr til dei, samt til nokre større aksjonar. Situasjonen kring Covid-19 har gjort arbeidet med koordinering meir

Mykje plast i naturen. FY-FY!

Malin Y. Giske og Joakim Honningsvåg (innleigd sommarhjelp).

krevjande enn normalt. SF har henta innsamla søppel på mange forskjellege lokasjonar der det har vore arrangert aksjonar med skuleklassar og andre organisasjonar. Det som er blitt registrert i Hold Norge Rent sin portal «rydde» er 126 aksjonar, og 43 071 kg innsamla søppel. Vi har hatt ein god eigeninnsats fram til no. Saman med Skjergardstenesta har ein henta inn større element som til dømes nøter, kjøleskap og bøyer. Skjergardstenesta har og bidratt mykje til henting av søppel på stader kor det ikkje er vegforbindelse.

SF har rydda i fuglereservatet på Gjøsundholmen før fuglefredningstida. I septembervar SF på synfaring saman med skjerdgardstenesta, Hold Norge Rent og Vartdal plast på Gjøsundholmen, for å etterpå utvikle ein rettleiar kring handtering av EPS (isopor). Gjøsundholmen har store mengder med EPS, mykje av det er grodd inn i vegetasjonen. Raudnesvika naturreservat vart rydda i to omgangar i 2021. Det vart også gjennomført ein større ryddeaksjon på hausten på søre sunnmøre i samband med Runde miljøsenter kor SOMM også var med.

SF har reist rundt til nokre barneskular, ungdomsskular, og vidaregåande skular, og undervist om marin forsøpling.

Saman med dei har ein gjennomført ryddeaksjonar i strandsona. Nettverk for marin forsøpling Sunnmøre har i 2021 verte utvida til heile Møre og Romsdal. Det er per i dag 233 medlemmar. Vi har ei gruppe på SoMe kor dei deler erfaringar, har gode diskusjonar og vidareformidlar fagleg informasjon. Nettverket har hatt fleire digitale møter som ein kallar «søppelkaffi» kor vi diskuterer dagsaktuelle tema. Nettverket gjennomførte ei stor nettverkssamling over tre dagar i november. Samlinga var nok ekstra viktig etter så lang tid utan å kunne møtast fysisk, mykje for å bygge opp motivasjon blant dei frivillige. Det var og veldig nyttig for nytt personell i SF å få helse på så mange av dei ein skal samarbeide med framover. Nettverket har vore ein heil del i lokale media i forkant og i etterkant av samlinga. Det jobbast også med å lage ein kort videosnutt som ein skal kunne bruke for å promotere for Nettverket lokalt og nasjonalt.

I haust slutta Ann Helen Hellevik fordi ho fekk jobb i Senter for marin forsøpling nasjonalt. I november starta Malin Therese Fiksdal som ny fagleiar for marin forsøpling, ho arbeidar 100% i prosjektet «tilskot-marin forsøpling 2021 – 2023».

Rydd ytre kyst Ålesund og Giske 2021–2023

Fagleiar Malin Therese Fiksdal er prosjektleiar for Rydd ytre kyst.

Randi Kjærstad Hagerup, prosjektkoordinator for Prosjekt Rydd ytre kyst.

Randi Kjærstad Hagerup (Sunnmøre friluftsråd), Bente Fiskerstrand (Plastfritt hav), Beate Kjerstad (Plastpiratene) og Lisbeth Skarsbø Grytten (Tavaha Fjørtoft).

Rydd Norge
Møre og Romsdal



Deler av ytre kyst i Møre og Romsdal har store utfordringar med marin plastforsøpling som har hopa seg opp over tid. Forsøplinga finst ofte langs eksponerte kyststrekke med krevjande tilkomst, og oppsamling av avfall forutset kvalifisert personell med god trening og relevant sikkerheitsutstyr.
Det er estimert at det ligg mellom 930 og 1400 tonn marint avfall langs kysten i fylket. Det vil ta mellom 52000 og 78000 timar å rydde dette avfallet, og det er estimert at jobben vil koste 68 mill. kr. (+/-15 mill.)

Sunnmøre friluftsråd signerte i oktober 2021 kontrakt for ryddig av område 3) Sunnmøre Nord. Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal skal rydde område 1) og 2) Smøla og Hustadvika, og Runde miljøsenter skal rydde område 4) Sunnmøre sør. Desse tre aktørane utgjer forøvrig også Nettverk marin forsøpling Møre og Romsdal, som arbeidar aktivt førebyggande mot marin forsøpling i fylket.

I oktober 2021 signerte Sunnmøre friluftsråd kontrakt med Handelens Miljøfond om rydding av ytre kyst i Ålesund og Giske 2021–2023 i prosjektet Rydd Norge. Malin Therese Fiksal er prosjektleiar, og Randi Kjærstad Hagerup er tilsett som prosjektkoordinator for gjennomføringa til 2023.

Om prosjektet

Rydd Norge Møre og Romsdal er ein del av Rydd Norge programmet til Handelens Miljøfond, som er landets første og største nasjonale ryddeprogram. Innan utgangen av 2023 skal programmet ha rydda minst 40 prosent av Norges ytre kyst, samt prioriterte vassdrag. Rydd Norge-programmet blei etablert i 2020 og vert leia av Handelens Miljøfond. Programmet er inndelt i ti regionale prosjekt, der Møre og Romsdal er eitt av desse. Administrator i Møre og Romsdal i Rydd Norge er Marbio AS.

Arealet for Sunnmøre Nord omfattar Erkna, deler av Godøya, Vigra, Lepsøya, Haramsøya og Flemsøy/Skuløy, og heile Fjørtofta, Finnøya, Seterøya og Sandøy.

Ryddinga starta opp i november 2021. Sjølve arbeidet gjerast av friluftsrådet i samarbeid med andre ikkje-kommersielle aktørar: **Plastfritt Hav, Plastpiratane og TAVAHA Fjørtoft**. Desse organisasjonane har lang erfaring med rydding av sin nærnatur, og saman vil vi bidra til at områda blir tryggare for så vel turgåarar som fugl- og dyreliv.

Dette prosjektet skal vere i tillegg til, og ikkje ein erstatning for den fantastiske frivillige innsatsen som har vore i området. Midlane prosjektet gir vil gi ny giv til organisasjonane og langsiktigheit i den viktige innsatsen dei gjer i arbeidet med marin forsøpling.

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal bistår på utsette område.

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal

Skjergardstenesta i fylket er eit spleiselag mellom Staten v/Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune og dei to friluftsråda i fylket. Staten betalar 50 % av kostnadane, og fylkeskommunen og friluftsråda betaler 25% kvar. I 2021 har vi jobba fram og signert ein samarbeidsavtale mellom dei fire partane. Sunnmøre friluftsråd står for drifta, og har det daglege, økonomiske, administrative, juridiske og operasjonelle ansvaret.

Båt og mannskap er stasjonert i Ålesund, men skal operere i heile fylket. Hovudoppgåvene er drift, skjøtsel og tilretteleggingstiltak i statleg sikra friluftslivområde, og er ein viktig reiskap i arbeidet mot marin forsøpling. Sunnmøre friluftsråd gir oppdrag til skjergardstenesta for våre område. Tenesta er også ein samarbeidspart for Statens Naturoppsyn og del av beredskapen i fylket.

Arbeidsbåten «Rigmor» er viktigaste verktøyet, men ved behov får tenesta bruke den som passar best av dei tre mindre arbeidsbåtane til Sunnmøre friluftsråd.

Drift sjøbaserte friluftsområde

Gjennom året har Skjergardstenesta jamt tilsyn med og vedlikehald av dei statleg sikra sjøbaserte friluftslivsområda. Dette omfattar gjennomføring av nye prosjekt, og stell og vedlikehald av det som alt finst, som toalett, brygger, bord og benkar, bålplassar, badebøyer osb.

«Rigmor» fullasta med søppelsekkar som skal køyrast vekk.

Skjøtsel av sjønære friluftsområde.

Vegetasjonspleie.



Frakting av reisverk til ny gapahuk i Molde.

Frakting av beitedyr som gjer ein viktig jobb med kulturlandskapet i friluftsområda.

Medieomtale

FRILUFTSLIV: Styreleiar Eva Hove i Sunnmøre Friluftsråd på Daumålsfjellet i Fjord kommune. FOTO: PRIVAT.

Ikkje reduser løyvingane til friluftsorganisasjonane

Folk i Noreg er glade i natur og friluftsliv! Det har vi ikkje minst sett no under pandemien.

FRILUFTSLIV

Medan samfunnet har vore «nedstengt», og det har vore restriksjonar mot å samlast innanders, har stadig fleire brukt naturen som kjelde til glede, avkopling, mæstad og fysisk aktivitet. Friluftslivet har dokumenterte helseeffektar. Friluftsaktivitet kan verke førebyggande og fridrøsande, både mot fysiske og mentale helseplager. Det er ikkje utan grunn at fagfolk innan helse oppmodar oss til å kome oss ut i friluft og vere i aktivitet. Og no – når mange tilsette har arbeidd på heimekontor – har også fleire arbeidsgjevarar lagt inn pausar i arbeidsdagen for at dei tilsette skal kome seg ut i naturen, bevege seg og få frisk luft. Det er ei god investering i helse og trivsel.

Tilrettelegging

Naturen ligg der for den som har vi sett dette tydeleg. Tilrettelegging for turgåing – slik det vert gjort gjennom StikkUT! – har hatt ein stor, positiv effekt. Mange som kanskje ellers ikkje går så mykje på tur, er blitt inspirerte av StikkUT!-konseptet. Gode turforslag og godt merka stiar og turvegar inspirerer mange. Så ser vi også at det vert eit mål for mange å «hauste» så mange StikkUT!-postar som mogeleg gjennom sesongen.

Tilrettelagde friluftsområde med gapahukar, toalett, bygger eller liknande, gjer sitt til at fleire kan glede seg over friluftslivet. For mange menneskje er det enkelt å kunne bruke naturen til rekreasjon og opplevingar. Andre grupper treng tilrettelegging for å kunne ha tilgang til natur og friluftsliv. Friluftsråda har ei viktig rolle når det gjeld slik tilrettelegging, og mykje av denne tilrettelegginga skjer i samarbeid mellom friluftsråda og lokale frivillige. Dette samarbeidet utgjer ein uvurderleg ressurs! Gjennom denne innsatsen vert det offentlege kroneset som er sett av til tilrettelegging for friluftsliv, mangedobla!

som eitt av dei aller viktigaste tiltaka for å fremje god folkehelse, noko som også kan lesast ut av mange politiske og offentlege dokument. Då er det både uforståeleg og skuffande å registrere at løyvingane til friluftsorganisasjonane over statsbudsjettet er blitt reduserte det siste åra. Dette må endrast!

Det to siste åra med Noregsferie for dei fleste, har i sin tur skapt eit større press på enkelte friluftsområde, noko som skaper behov for meir tilrettelegging, fleire merka stiar, betre parkeringsmulegheiter – og ikkje minst betre toalettfasilitetar. Dette burde tilseie auka løyvingar til friluftsorganisasjonane – og ikkje reduksjon!

Vi står no framfor eit stortingsval. Eg håper dei som skal utgjere det nye Stortinget vil syte for å tilgodesjå friluftsorganisasjonane betre – det vil vere godt for folkehelsa!

På vegner av alle oss som verdset friluftslivet, oppmodar eg stortingskandidatane til å ta med seg denne oppmodinga inn i arbeidet sitt på Stortinget.

EVA HOVE
styreleiar for Sunnmøre Friluftsråd

---

10 **Vestnesavisa** ONSDAG 15. SEPTEMBER 2021

FRÅ SKOG TIL SJØ:
– Skal jobbe med søppelrydding

Malin Therese Fiksdal (34) frå Fiksdal har i sju år arbeidd som skogansvarleg i Vestnes kommune. No bytar ho ut skogansvaret med ei stilling som fagleiar marinforsøppling. – Det kjenst veldig meiningsfullt. Eg gler meg, seier ho.

Da Sunnmøre friluftsråd utlyste ei ledig stilling som fagansvarleg for marinforsøppling tenkte Malin Therese Fiksdal at dette var midt i blinken for ho. Ho har ei bachelor i havbruk, og vidaregåande utdanning innan naturbruk og naturforvaltning.

– Eg har vore tilsett sjø år i kommunen, og lært utruleg mykje, mellom anna om offentleg forvaltning. Det kjenst meningsfylt å no skulle arbeide med forsøppling, og hjelpe andre som også er engasjert. Eg går eigentleg frå fjell til fjord, smiler ho.

PLUKKAR SØPPEL SJØLV

Ny aften søkjarar var det Malin Fiksdal som fekk tildelt stillinga. Vi møte ho på Gjelsteinstranda i Fiksdal. Her har ho og borna hennar rydda søppel ein gong i året i tre år, på eige initiativ.

– Det er ikkje så lenge sidan vi sist rydda, så det som er her no kan ikkje ha lagt lenge, seier ho.

Gjelsteinstranda ser tilsynelatande veldig rein ut, men når vi tar ein nærmare kikk finn vi mykje som ikkje høyrer heime her. I løpet av ti minutt finn vi mellom anna ein lang kabelkveil, ei vekkarklokke, målingspaann i plast, jernrøyr, plastikkhanskar og ein del emballasje.

– *Korleis trur du havet ser ut om 50 år, om vi held fram med å kaste like mykje søppel i naturen?*

– Da trur eg vi har ødelagt mattaket vårt. Fiskane og dyra i havet spis plastikk. Med stadig nedbygging av dyrka mark og aukande befolkning, så må vi ta vare på livet i havet, slik av vi kan hauste av det i framtida også. Vi må slutte å kaste søppel i mattaket vårt. Alt vi legg frå oss i naturen, sjølv på fjellet, hamnar til slutt i sjøen. Tilstanden er nok aller verst i land som India og Afrika til dømes, der ein kan spasere sterkodd i søppel over elever, seier ho.

Likevel ser ein også mykje søppel i norske strandsoner.

– Det er berre å sjå til fugleøyelet på Runde: der fuglane bygg reir av plast og fugleungar bengt døde i plastikk utfor kanten. Plast i havet er også ein trussel for sjøfuglar. Det er plastikk og fører ungane sine med den også, seier ho.

Ar til dømes burgarkjedene har gått over til pappsugerør, trur ho er bra sjølv om det ikkje alltid er så praktisk.

– Burger King og McDonald's inns over heile verda, og at sikkje jeder tenker

vikng. Der finns mykje mykje plastsugerøyr i havet, seier ho.

SAMARBEID

Som fagansvarleg i Sunnmøre friluftsråd skal Malin Fiksdal samarbeide med mellom anna Runde Miljøsenter og Skjergardstenesta Møre og Romsdal. Ho håper også å ta med seg mange bedrifter, skular, organisasjonar og frivillige til å rydde strandsoner.

– Eg skal arrangere og koordinere ryddeaksjonar hovudsakleg berre å ta kontakt. Friluftsråd kan stille med sekkar, og det har også avtaler med renovasjonsanlegga som kan hente og ta imot søppla. I tillegg skal eg også arbeide med forebygging gjennom å vere ein pådrivar og opplyse om kor viktig det er å ikkje forsøple naturen, seier ho.

Ho startar i den nye stillinga i november, men arbeidet med å rydde i sjøkanten har ho halde på med i fleire år.

GLER SEG. Malin Therese Fiksdal ser fram til å arrangere ryddeaksjoner på Sunnmøre i Sunnmøre Friluftsråd.

Kjekk dag med friluftsrådet

Fredag førre veke inviterte Sunnmøre friluftsråd til Kom Ut!-dag i Vanylven. Trass dårleg vær vart det ein artig dag for dei som møtte opp.

Susann Barstad

BÅL. Etter at Richard Sallin (stående i blå jakke) hadde vist korleis ein kan bygge bål, var det spennande å sjå om dei klarte å bygge sjølv å ta fyr. Her ser vi Brage i blå jakke som stablar medan dei andre finn passande vedkubbar. **FOTO: Hanne Morseth**

TAUBANE. Det vart leik og moro, som her på taubane. f.v. Sara Magradottir, Leo Lukas Kaczurak, Natalie Pedersen, Brage Bottmark, Emilie Pedersen og Veline Askvik Haugen. **FOTO: Hanne Morseth**

Vil vidareføre StikkUT!

Formannskapet tilrådde tysdag at kommunen forlengjer medlemskapen i Sunnmøre Friluftsråd, som også omfattar ordninga StikkUT!

Ola Mjøne Ringstad

Då ein melde seg inn i rådet i 2019, var det som ei prøveordning over to år, der medlemskapen skulle opp til ny evaluering når denne perioden var over.

Breiddetilbod

For eit par veker sidan var også dagleg leiar i Sunnmøre Friluftsråd, Anne Beit Støyva Emblem, til stades under kommunestyret sitt arbeidsmøte og orienterte om verksemda. Ho poengterte at medlemskap i rådet inneber mykje meir enn berre StikkUT! Mellom anna vert det arrangert KomUTdagar, pedlekurs og leiksamlingar for vidareføring av tradisjonelikar i skule og barnehage. Ein har også skjergardstenesta, som arbeider for reinsare skjergard. Støyva understreka også at tiltak som StikkUT! er eit folkehelsetilbod.

– Det handlar ikkje om dei hugsaste toppane, men skal vere eit breiddetilbod for alle, og vi veit at mange gjennom StikkUT! har kome seg i fast aktivitet, sa Støyva.

Får ein like mykje for pengane?

I formannskapet var det heller ikkje særleg diskusjon rundt å forlengje medlemskapen. Det vart einaste petit på pris med tanke på kva ein får att. Idar Brekke (H) meinte at særleg Ålesund kommune får meir att for pengane enn Vanylven, som ligg i utkanten av området, og særleg gjennom at skjergardstenesta er mest aktiv der. Han spurde difor om det burde vere ei viss differensiering i medlemskontingenten, som er om lag tjue kroner per innbyggar, eller vel 60 000 kroner for Vanylven sin del. Frå andre vert det peikt på at Friluftsrådet tar ut med heile tillengjarar med kanoar og kajakkar og køyrer til Vanylven for å ha kurs, samt at ein er aktive med tilboda som er retnende over, som utedagar med ulikt innhald og leikformidling.

FOLKEHELSETILBOD. Dagleg leiar i Sunnmøre Friluftsråd, Anne Beit Støyva Emblem, la fram kva medlemskap i rådet inneber.

«SIT PÅ RING»: Inger Bakke er prosjektleder for «Sitt på ring»-prosjektet. Her instruerer hun elever ved Skodje barneskule. FOTO: STAALE MATTO

FILMER: En kameramann filmer barna når de leker. Det skal bli til instruksjonsvideoer. FOTO: STAALE MATTO

«GULLSTOL»: Noah Lunde Myren og Tiril Tellefsen Iversen prøver å dra med seg Magnus Flaten Brende fra A til B. De leker det påfunnsrike leken «Gullstol». FOTO: STAALE MATTO

Sprek

Slår alarm om «den glemte leken». Nå vil hun lære barn og voksne å leke igjen.

Lek en undervurdert form for fysisk aktivitet, mener friluftsråd.

– Vi kan ta hum med på ryggen, eller skal vi bare prøve å bære hana? Nei, vi kan dra hana. Det er nok det enklaste, tilkommer Magnus Flaten Brende, Tiril Tellefsen Iversen og Noah Lunde Myren.

I dag får sjetteklassingene på Skodje barneskule i Ålesund bruke de tre første skoletimene på lek. Nå er de i gang med «Gullstol», en lek klassen har blitt utfordret til å finne på selv. Dette er den tredje av fire leker denne ordningen. Leken går ut på at de tre og tre skal frakte hverandre på ulike måter fra A til B. Lærerne er der for å sørge for at det ikke blir noe [illegible] det fort vinner.

Lekerepertoaret er borte

Dette bekymrer Inger Bakke i Sunnmøre Friluftsråd. Hun er prosjektleder for «Sitt på ring»-prosjektet, som skal kurse både barn og unge i lek.

– Skolen, institusjonene, ja alle voksne, har et helt annet ansvar for barnas lek enn mine forældre. Jeg ser at det lekerepertoaret vi hadde, sakte, men sikkert, har forsvunnet. I stedet har vi fått masse organisert aktivitet. Den naturlige leken og drivkraften til å ville skape noe, har vi voksne undervurdert, mener Bakke.

Hun understreker at hun ønsker at lek skal bli et tilskudd, ikke en motsats, til og en del av den organiserte aktiviteten.

Dette er en av grunnene til at hun nå lager en idébank for leker. Når hun møter sjetteklassingene på Skodje leker, blir de samtidig filmet. Dette skal så [illegible]

FLERE BOR LEKE: Inger Bakke mener flere bør leke og være kreative. Her har hun tatt Andrea Storøy Redseth, lærer for 6. klasse ved Skodje barneskule, på ryggen

Bakke foreløpig samarbeider med. Andrea Storøy Redseth er kontaktlærer for 6.-klassen på Skodje. Hun merker effekt på elevene etter at de har lekt.

– Jeg ser at elevene må være ganske konsentrerte, og de skrøt seg på. Det terpå for å ha undervisning. De må være på når de leker og kan ikke bare ta imot informasjon, sier Redseth og legger til: – Det er mye læring i leken. Blant annet sosialt i det å bære etter, venne på tur og følge regler, samt oppgaveløsning.

Selv et 26-åringen vokst opp i en generasjon der det ikke var mye fokus på lek. Hun er enig i Bakkes betraktninger om at leken er lin glemt.

– Jeg merker at jeg kan mye mindre leker enn inger. Jeg tror mye av leken selv mest med på organisert aktivitet, sier hun.

Tatt av skjermen

Lærerne har et håp om at prosjektet gjør at flere leserivet seg fra skjermen på fritiden.

– Jeg håper jo det. Jo flere leker de kan, jo bedre. De må lære å underholde [illegible] det er jo det som skjer på en [illegible] at de ser verdien av underholde seg selv gjennom lek.

Sjetteklassing Orvik tror derfor kan-skje at det er for sent allerede.

– Vi begynner å bli ongloinmer og [illegible] alle har fått PC. Så jeg tviler litt på at [illegible] kommer til å bruke det så mye. Det [illegible] jo ofte de yngste som liker å leke. De [illegible] kan hjelpe dem til å leke enda mer, [illegible]

GLEDE: Siver Olai Orvik tror yngre barn kan få glede av en idébank. Selv er han oppslukt av PC og skjerm. FOTO: STAALE MATTO

POSITIVT: Denne gjengen har alle ein ting til felles. Dei har alle tru på at Herøy sitt medlemskap i Friluftsrådet vil vere positivt for både dei som bur og kj[illegible] kommunen. Frå venstre ser vi Merethe Hjertø Flusund, Ole Magne Rotevatn, May Britt Haukås, Hilde Gråberg Bakke, Anne Berit Støyva Emblem og fl[illegible]

● No er Herøy offisielt medlem av Sunnmøre friluftsråd:

– Som hand i hanske

Kommunestyret i Herøy vedtok i desember at kommunen skal bli medlem i Sunnmøre friluftsråd. Torsdag var rådet i Herøy for å gi ei lita innføring i konseptet. For kva betyr eigentleg eit medlemskap?

– Dette gir mange moglegheiter for oss som bur, og ikkje minst dei som besøker Havlandet Herøy.

Det seier reiselivsutviklar Hilde Gråberg Bakke då vi møter ho og ein delegasjon frå friluftsrådet torsdag formiddag. Saman med dagleg leiar Anne Berit Støyva Emblem og fagansvarleg for «Stikk UT», May Britt Haukås, og ein delegasjon frå Herøy kommune, er det på ein tur i Herøy for å stå nokre dagar. Det er ikkje det ein ser [illegible]

Herøy blir gjennom si innmelding den 12. kommunen på Sunnmøre som offisielt er med i samarbeidet. I regionen er det no berre Sande og Hareid som står utanfor ordninga.

– Det er berre beklageleg at vi ikkje har kome oss med fer. Vi har så mange fantastiske turmål, og medlemskapen gir oss hand i hanske med satsinga vår på reiseliv, seier ordførar Bjørn Pryts.

Men kva betyr det for Herøy?

Eit medlemskap i friluftsrådet gjer at Herøy no får ta del i fleire ordningar som ein tidlegare ikkje har hatt tilgang til. Lat oss starte med det som truleg vil vere det mest synlege tilbodet for folk flest. Stikk UT-ordningane. Dette er ein veldig populær turtrim som har hatt ei jamn auke sidan oppstarten på Sunnmøre i 2015. Kort forklart går opplegget ut på at lokale [illegible] ne. Det vert skilta opp kvar dei ulike turane er, og i nettportalen stikkut.no finn turgjarar alt dei treng av relevant info om registrerte turmål. Med ein gratis brukar vil ein også kunne registrere kvar tur ein går.

– Vi ser at det har fått ein fine konkurransemoment over seg. Det blir ofte litt artig å samanlikne og sjå med andre i fylket, eller konkurrere bedriftene seg i mellom. Men det er viktig å presisere at det ikkje er ein konkurranse med mindre ein gjer det til det sjølv, seier May Britt Haukås.

Ho kan informere at nesten 32.500 personar i Møre og Romsdal tok del i turordninga i fjor, og då vart registrert i overkant av 824.000 turar.

– Det betyr at 12 prosent av befolkninga deltok, seier Haukås snult.

Populariteten har ellers gjort at ein også no har byrja med ei [illegible] ordninga, med kvart år ruleret på dei forskjellige turane. Det er ei gruppe med frivillige som får oppgåva med å velje ut kva turar som skal vere i kommunen.

– Vi er heilt avhengige av frivillig innsats til turgjarar, idrettslag og lokale organisasjonar, men ber veit vi at det allerede vert gjort ein framifrå innsats i Herøy, seier Støyva Emblem.

Sterkare saman

Av andre vesentlege fordelar som Herøy no kvalifiserer seg for, er kompetansen som sit i den lokale friluftsorganisasjonen.

– Som medlemskommune vil no våre tilsette assistere kommunen med å halde ved like statleg sikra friluftsområde. Vi vil også vere med på å søke midlar til å gjennomføre tiltak i desse områda, forklarar Støyva Emblem.

I Herøy omfattar det område [illegible]

Tilgang på båt

Ein av dei vesentlege medlemsfordelen å trekke frem er at Herøy no er med i det som vert kalla for Skjergardstenesta. Gjennom den ordninga har Herøy no tilgang på tenestebåten «Stigmor» som skal arbeide med å gjere sjøbaserte friluftsliv-innsatsområde attraktive og tilgjengelege for befolkninga. I tillegg til det hjelper ein frivillige i kampen mot marin forsøpling.

– Ein har allerede ett nettverk som er aktivt i denne innsatsen

Sunnmørsposten

LØRDAG 6. FEBRUAR 2021 · NR. 31 · 130. ÅRGANG · PRIS KR 40,–

smp.no

KONTAKT OSS 70 12 00 00

TIPS OSS 06 400 404

tips@smp.no

Løyste ut snøskred

Fredag kveld løyste skiløparar ut ei snøskred på Skodjehornet i Ørsta. Politiet åtvarar om skredfare.

NYHETER, SIDE 10

Strikkar viral vott

Vettane til Bernie Sanders utforyerte strikkeheltar Linda Eikenes held seg raske på.

REPORTASJE, SIDE 22-23

Ny AaFK-signering

Kortspiller Torbjørn Kolbevåg har skrivet under ei ludskontrakt med AaFK.

SPORT, SIDE 28

Skal bli ei friluftsperle

Hundsvær og Tyskholmen skal bli ei friluftsperle midt i Borgundfjorden. Friluftsrådet planlegger hvit sandbunn, flytebrygger, gapahuker og turstier.

NYHETER, SIDE 8-9

4 ONSDAG 5. MAI 2021 SUNNMØRSPOSTEN

Rundskue

HAVNA

Hurtigrute: I dag er «Richard Witt»- nordgående hurtigrute, sørgående er kanselliert. Torsdag er nordgående kanselliert, «Kong Harald» går sørover til natta.

● Tusenvis av sunnmøringer har startet Stikk ut-sesongen:

– Det villeste jeg har vært med på!

Lørdag startet sesongen. Halvveis på dag tre var over 16.000 personer registrert, med nesten 47.000 turer.

– Dette er det villeste jeg har vært med på. Det er helt fantastisk, sier May-Britt Haukås, rådgiver i Sunnmøre friluftsråd.

I strålende vær startet årets Stikk ut-sesong sist lørdag. Oppslutningen om den populære turtrimmen ser ut til å sprenge alle rekorder, etter en knallsesong i fjor.

For hele Møre og Romsdal har over 16.000 personer registrert seg som brukere.

Fra midnatt natt til 1. mai til mandag ettermiddag var det registrert over 47.000 turer i fylket. Bare på Sunnmøre var det over 8.000 personer som har startet Stikk ut-sesongen – og gått nær 23.000 turer.

Storhaugen inn på topplista

I 2021 kan du velge mellom 470 turer i 25 kommuner i Møre og Romsdal, samt i Heim kommune (Trøndelag).

I Ålesund er Storhaugen på Aspøya et nytt og etterlengtet turmål. Den drøyt 50 meter høye haugen sprang fort inn på topplista over mest populære turmålene.

– Sekunder over midnatt var de første turene på Storhaugen registrert. Hittil er det 694 besøk der. Dette er veldig artig, sier Haukås, som selv bor på Aspøya.

Stikk ut-sesongen varer til 31. oktober. Du kan registrere turene elektronisk, og i år er en egen Stikk ut-app på plass.

– Behov for å komme seg ut

Haukås tror det flotte været i helga, og det at 1. mai falt på en lørdag, bidro til den sterke starten. Dessuten er turkonsepter blitt bedre kjent blant folk og rekordmange bedrifter har nyttet seg på.

– I tillegg spiller nok pandemien også inn. Nå har folk vært inne og hatt hjemmekontor i et helt år. Behovet for å komme seg ut er enormt, sier Haukås.

STIKK UT! På Rundskue på Aksla la Anna-Maria Hjelseth (25) mandag inn sin første Stikk ut-tur for sesongen. FOTO: LARS INGE SKREDE

PÅ STIKK UT-JAKT: Ivar (62) og Inger (56) Aarsund fra Kristiansund. FOTO: LARS INGE SKREDE

MAY BRITT HAUKÅS: Daglig leder i Friluftsrådet Ålesund og omland. ARKIVFOTO: STEINLE NIETTO

Rundskue ble første tur

På Rundskue på Aksla la Anna Maria Hjelseth mandag inn sin første tur for sesongen.

25-åringen var i fjor med på Stikk ut for første gang, da gjennom jobben.

– Det var [illegible] blir mange lange vakter med pasientkontakt og munnbind. Da er det ekstra godt å komme seg ut på tur i frisk luft mellom slagene.

Hun har ikke [illegible]

Nordmøringer på Stikk ut-jakt

På vei ned Rundskuehakken møter vi ekteparet Ivar og Inger Aarsund fra Kristiansund.

De er på «Stikk ut-jakt», på vei mot Kråkeli ost på Aksla.

– Og så skal vi til Storhaugen etterpå. Vi håper vi rekker det, for hurtigruta går, sier paret.

De er på rundreise fra Bergen til Kirkenes, og bruker timene i Ålesund godt.

– Vi får så mye god mat om bord at vi er nødt til å få oss litt trim i land, flirer de.

I Bergen gikk de Fløyfjellet, men der er det ikke Stikk ut.

Paret er hvirgie Stikk[illegible] kere på Nordmøre, [illegible] er første gang de [illegible] turmål i Ålesund.

– Et veldig bra [illegible] ut-appen. Den gamle vil bli slettet og den nye er moderne med flere funksjoner.

– Vi råder også folk til å respektere de turene som ikke er åpnet ennå, og følge datoene for åpning.

